



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8357 - 22/619

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
05.01.2022

Ferdigattest tilbygg hytte, utslepp og minireinseanlegg - gbnr 100/13 Fjellsende

Administrativt vedtak: Saknr: 009/22
Tiltakshavar: Kenneth Hodneland
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for tilbygg til fritidsbustad, godkjent utslepp frå eigedomen og minireinseanlegg på gbnr 100/13. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og løyve til tilbygg datert 17.08.2017, løyve til utslepp datert 08.08.2018 og løyve til etablering av minireinseanlegg frå 09.08.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.09.2021 og puring 11.11.2021.

Skildring

Adresse:	Vabøvegen 50
Bygningstiltak:	Fritidsbustad, tilbygg
Bygningsnummer:	176316780 -1 og 176316780 - 2
Bruksareal:	15m ² (tilbygg 1) og 7m ² (tilbygg 2)

Avlaup:	Via minireiseanlegg med utslepp til Austrevatnet
Vatn:	Privat vannforsyning frå borehol
Tal på røykløp:	1

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8357

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kenneth Hodneland

Kvalen 16 5955
Vabøvegen 5955
166 A

LINDÅS
LINDÅS